

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.12.21

Stad: Flåmsbrygga

Sak 35/21. Søknad om dekking av kursutgifter – Aron F. Gudmundsson

Saksopplysning

Aron Freyr Gudmundsson har søkt fjellstyret om å få dekt kostnader han har hatt med å ta kurs i GIS-arbeid (geografiske informasjonssystem, digitalt kartarbeid) i 2020 og -21. Søknaden ligg ved (utan fakturavedlegga). Han skriv i søknaden at han tok desse kursa for å kunna ta på seg kartarbeid for felles landbrukskontor ÅLA, viltforvaltinga, og at kursarbeidet i all hovudsak vart gjort utanom arbeidstida. Han opplyser vidare at fjellstyret har fakturert kommunen for omlag 300 timer arbeid av denne typen åra 2019-21.

Vurdering

Dette var kurs som søkeren sjølv tok initiativ til å melda seg på, utan noko pålegg eller oppmoding frå fjellstyret som arbeidsgjevar. Som han skriv i søknaden, var motivasjonen hans for å ta kursa å kunna tilby kompetanse som var aktuell for kommunen å leiga inn gjennom tenestekjøpsavtalen som felles landbrukskontor ÅLA har med fjellstyret.

Det nærmeste ein kjem parallele saker i fjellstyret frå tidlegare, er naturoppsynskursa som fjelloppsynet her gjennomførde tidleg på 2000-talet. Desse var omlag like omfattande som det GIS-kurset han Aron har teke ved UiB, og vart dekte fullt ut av fjellstyret, ut frå at kursa sette oppsynet betre i stand til å gjera oppsynsjobbene på ein bra måte, og at politiet stiller krav til gjennomført kurs ved tildeling av avgrensa politimynde.

Eg meiner fjellstyret har fått god økonomisk utteljing av at søkeren har teke desse GIS-kursa, ved at kvar fakturert time gjev eit visst overskot (100-150 kr) i høve til reelle kostnader fjellstyret har med arbeidskraft o.a. Det vil truleg bli meir av denne typen tenestesal til kommunal viltforvalting. Kanskje kan kompetansen vera aktuell for andre òg. I tillegg vil det vera nyttig kompetanse å ha til intern bruk for fjelloppsynet. Eg meiner difor at fjellstyret bør refundera kurskostnadene i samsvar med søknaden. Kostnaden vil då bli ført under post 7141 Møte/kurs/reiser, og medverka til eit noko redusert årsresultat for 2021 i høve til det som er berekna.

Framlegg til vedtak

Aron Freyr Gudmundsson får refundert kursavgift på til saman kr 18.900 for to GIS-kurs han har gjennomført i 2020 og -21, i samsvar med søknad.

Fjellstyrekontoret, den 2.12.21

Harald Skjerdal

23.11.2021

Søknad om refusjon av kursutgifter til GIS-kurs

Vårsemesteret 2020 tok eg 10 studiepoeng i GIS (Geografiske informasjonssystemer – digitalt kartarbeid og analyse) ved Universitetet i Bergen. I tillegg tok eg eit GIS-kurs gjennom Naturviterne i februar 2021. Dette vart primært gjort for å skaffa nok kompetanse til å gjera kartarbeid for Felles landbrukskontor ÅLA – viltforvaltning.

Kursa kostar:

- GEO620 v/UiB 10studiepoeng, kursavgift kr 12 000
- Nettbasert GIS-kurs v/Naturviterne, kursavgift kr 6 900

I all hovedsak er arbeidet med denne kompetansehevinga gjort utenom ordinær arbeidstid. I løpet av 2019, 2020 og 2021 har eg gjort kartarbeid for landbrukskontoret i om lag 300 timer. Dette er arbeid som er fakturert med SNO-sats. I tillegg til arbeid som også framover i tid kan selgjast til inntekt for Aurland fjellstyre, så vil denne GIS-kompetansen kunne vera nyttig til internt bruk i fjellstyret.

Eg søker med dette om å få refundert kursavgift for desse to kursa, totalt kr 18 900.

Ta kontakt om det er trond for meir informasjon.

Eg håper de vil sjå positivt på denne søknaden.

Helsing

Aron Freyr Gudmundsson